



Arkivnr: 2014/13889-53  
Saksbehandlar: Lise Fauskanger Ådlandsvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland		21.02.2017

## Årsmelding og rekneskap for Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) for 2016

### Samandrag

Fylkesrådmannen legg med dette fram årsmelding og rekneskap for 2016 for Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU). Utvalet har hatt totalt fem møter i 2016, der det eine møtet var lagt til Trafikksikkerhets-hallen på Lyngbø og Statens vegvesen sin nye trafikkstasjon i Åsane.

FTU har i 2016 i særleg grad hatt fokus på trafikksikringsarbeidet retta mot kommunane gjennom tildeling av tilskot gjennom dei ulike tilskotsordningane, den årlege trafikksikringskonferansen for kommunane i Hordaland og arbeidet med Trafikksikker kommune. I tillegg har det vore gjennomført haldningsskapande kampanjearbeid med fokus på mobilbruk i bil, samt utdeling av ulike refleksprodukt.

Utvalet har i 2016 hatt eit eige budsjett på 5 mill kr. I tillegg fekk FTU ansvaret for 200.000 kr. til Opplæring i trafikktryggleik i den vidaregåande skulen, samt ei tilskotsordning på 10,1 mill kr. knytt til midlane Punktutbetring og trygg skuleveg.

### Forslag til vedtak

Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) tek årsmeldinga og rekneskapet for FTU for 2016 til orientering.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Fylkesrådmannen, 17.01.2017

Fylkesrådmannen legg med dette fram årsmelding og rekneskap for 2016 for Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU). Utvalet har hatt totalt fem møter i 2016, der det eine møtet var lagt til Trafikksikkerhets-hallen på Lyngbø og Statens vegvesen sin nye trafikkstasjon i Åsane.

I gjeldane handlingsplan er følgjande tre særskilde satsingsområde vedteke:

- Trafikksikringsarbeid i kommunane
- Møteulukker utanfor tettbygde strok
- Mjuka trafikantar i byområde

FTU har i 2016 i særleg grad hatt fokus på trafikksikringsarbeidet retta mot kommunane gjennom tildeling av tilskot gjennom dei ulike tilskotsordningane, den årlege trafikksikringskonferansen for kommunane i Hordaland og arbeidet med Trafikksikker kommune. I tillegg har det vore gjennomført haldningsskapande kampanjearbeid med fokus på mobilbruk i bil, samt utdeling av ulike refleksprodukt. Utvalet har i 2016 hatt eit eige budsjett på 5 mill kr. I tillegg fekk FTU ansvaret for 200.000 kr. til Opplæring i trafikktryggleik i den vidaregåande skulen, samt ei tilskotsordning på 10,1 mill kr. knytt til midlane Punktutbetring og trygg skuleveg.

Per januar 2017 var 4,758 mill kr. nytta. I tillegg kjem 245.000 kr som vil verte utbetalt kommunane i 2017. Desse midlane er knytt til tre tiltak innanfor tilskotsordninga mindre fysiske tiltak som ikkje vart ferdigstilt i 2016. Det totale mindreforbruket vert då på 197.000 kr.

### **Satsingsområde og tiltak i 2016**

Prioriteringa av midlane til trafikksikringstiltak i Hordaland skal vise tilbake på satsingsområda i handlingsplanen. I 2016 har FTU sitt arbeid i særleg grad hatt fokus på trafikksikringsarbeidet i kommunane.

#### Tilskotsordningane

FTU vedtok i 2016 å tildele tilskot til totalt 20 lokale trafikksikringsarrangement gjennom tilskotsordninga *Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement*. Samla utbetalt tilskotssum i 2016 for denne ordninga var på 598.000 kr. To av søkjarane har ikkje utført sine arrangement. Tilskotssummen har ein liten nedgang i høve til året før. I handlingsplanen (2014-2017) er det lagt opp til at denne tilskotsordninga har ei årleg råde på 800.000 kr. Ordninga har med det eit mindreforbruk på 202.000 kr. Mindreforbruket på denne posten vart nytta til haldningskampanjen om mobilbruk i bil, jf Kampanjearbeid.

Fire kommunar fekk i 2016 tildelt tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar gjennom tilskotsordninga *Tilskot til utarbeiding av lokale trafikksikringsplanar*. Tilskotet var totalt på 500.000 kr.

I den nye handlingsplanen (2014-2017) vart det etablert ei ny tilskotsordning for kommunane kalla *Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak*. I 2016 hadde denne ordninga ei råde på 2,037 mill kr. Totalt 15 av 41 tiltak, fordelt på 15 kommunar fekk tilskotsmidlar. Totalt vart det gjeve tilskot på 2.037.000 kr. Dei aller fleste tiltaka i 2016 var retta mot mjuka trafikantar og fartsdempende tiltak eller vegljøs på kommunal veg. Per januar 2017 var tretten av tiltaka gjennomført, med påfølgjande utbetaling av tilskotsmidlar. Ein stor del av mindreforbruket på FTU-budsjettet er med det knytt til denne tilskotsordninga. Midlane er løyvd opp att til dei resterande tiltaka, og utbetalinga vil skje så snart tiltaka er ferdigstilt i 2017.

Fylkestinget sette av 31,3 mill. kr. til *Punktutbetring og trygg skuleveg* i desember 2015. Totalsummen på 31,3 mill kr vart todelt, - der størsteparten av midlane (21,2 mill kr) vart sett av til konkrete tiltak utført på fylkesvegnettet av Statens vegvesen, medan ein tredjepart (10,1 mill kr) av midlane vart gjort søkbare for kommunane. Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) fekk ansvaret for denne tilskotsordninga. FTU mottok 26 søknader frå totalt 17 kommunar, med ein total søknadssum på 24 mill. kr. Tolv tiltak fordelt på tolv kommunar fekk tilskot. Alle tiltak var utført innan 2017 slik rammevilkåra var. For dei 21,2 mill kr som Statens vegvesen fekk ansvaret for, er 26 av 28 tiltak utført etter planen (desember 2016). Eitt av tiltaka utgår.

#### Kurs og konferansar for kommunane i Hordaland

I handlingsplanen er det sett av egne midlar til å arrangere konferansar. Trafikksikringskonferansen for kommunane i Hordaland i 2016 hadde eit særleg fokus på trafikksikringsarbeid for barn og unge, samt trafikksikring kopla til folkehelsearbeidet. Konferansen hadde nær 80 deltakarar, - det høgaste noko gong. Posten Kurs og konferansar har eit mindreforbruk på om lag 30.000 kroner.

#### Trafikksikringsprisen

Dale barne- og ungdomsskule vart tildelt Trafikksikringsprisen 2016 for sin kreative og engasjerte formidling av alvoret og omfanget av trafikkulykker.

#### Trafikksikker kommune

Trafikksikker kommune er eit av dei viktigaste tiltaka i denne handlingsplanperioden. FTU avslutta sitt pilotprosjekt med kommunane Vaksdal, Austrheim og Lindås hausten 2016. Vaksdal vart godkjent i januar, Austrheim i april og Lindås vart godkjent som Trafikksikker kommune i mai. Prosessen tok om lag eit år for kvar av kommunane. Ved godkjenning fekk kommunane kvar utbetalt 75.000 kr. Samstundes starta FTU opp arbeidet gjennom nye intensjonsavtalar med tre nye kommunar; Bømlo, Sund og Kvinnherad. Arbeidet er krev ressursar og god oppfølging. FTU har fått statusmelding om prosjektet på kvart møte. Ved underskriving av intensjonsavtalane vart det utbetalt 25.000 kr til kvar kommune. Posten har eit mindreforbruk på 75.000 kr.

#### Driftstilskot til Trafikksikkerhetshallen i Hordaland

I Handlingsplanen for trafikksikring for Hordaland 2014-2017 er det vedteke å yte 100.000 kr årleg i driftstilskot til Trafikksikkerhetshallen i Hordaland.

#### Refleksprodukt, innkjøp

FTU kjøper kvart år inn eit stort tal refleksar og refleksvestar til utdeling. Politiet og Trygg Trafikk er med i utdelinga av refleksprodukt til skular og barnehagar. Ved utdeling har det vore sett fokus på at skulane og barnehagane skal ha hatt eit opplegg/arrangement rundt refleksutdeling for å auke forståinga for refleksbruk. Sommaren 2016 vart det inngått ein ny rammeavtale for kjøp av refleksprodukt (2+1+1 år). Som eit resultat av ny avtale og lange leveringstider er det eit større mindreforbruk på denne posten, totalt 151.000 kr.

#### Sykkelprosjekt, barn og unge

Tiltaket Fylkesfinalen i sykling, som er omtalt i handlingsplanen, vart avvikla som FTU-arrangement hausten 2015. Prosjektet «Alle barn sykler» i regi av Bergen 2017 (Sykkel VM) arbeider med å auke sykkelkompetansen hjå born og unge gjennom prosjekt på skulane. «Alle barn sykler» fekk etter søknad tildelt 62.500 kr til arbeidet i 2016.

#### Kampanjearbeid

Alle barnehagane i Hordaland fekk tilsendt eit eige trafikkspel frå FTU hausten 2016. Dette vart gjort for å setje fokus på trafikksikring i barnehagane. Haldningskampanjen om mobilbruk i bil vart kjørt på digitale mediaflater (bt.no) hausten 2016. Filmen er også å finne på youtube:

[https://www.youtube.com/watch?v=B6lthj5JA\\_o](https://www.youtube.com/watch?v=B6lthj5JA_o)

#### Aktivitetmidlar, Trygg Trafikk Hordaland

Trygg Trafikk Hordaland fekk etter søknad tildelt 570.000 kr i aktivitetmidlar for 2016.

#### Opplæring i trafikktryggleik i vidaregåande skule

Fleire av dei vidaregåande skulane i fylket har eigne trafikksikringsdagar der elevane får sett blålysetatane i aksjon, og høyre frå dei som har kjend trafikkulukken tett på kroppen. For å nå ut med budskapet om gode haldningar, og ikkje minst god åtferd i trafikken, må det nyttast fleire ulike kanalar og formspråk. Hausten 2016 vart det laga ein filmsnutt retta inn med elevar i den vidaregåande skulen. Filmen hadde ei moderne formspråk, med ein klår budskap om alkoholbruk og bilkøyning. Intensjonen med filmen var at den har stor rekkevidde med tanke på tal personar den kan nå, og kan om mogleg også kunne nyttast i undervisninga og på temadagar. Filmen er også å finne på youtube: <https://www.youtube.com/watch?v=-m4saU8DMzI>

Diverse

Utover dette er det og nytta midlar til annonsering av tilskotsordningane til FTU i lokalavisene i fylket. Dette vart gjort desember 2016, i samband med utlysing av nye tilskotsordningar. Medlemskontingenten til Trygg Trafikk og utgifter knytt til FTU-møter har også gått over denne posten.

**Rekneskap FTU-midlar 2016**

FTU gjorde i møte 17. februar 2016 vedtak av budsjett for midlane på 5,2 mill kr fordelt på dei ulike trafikksikringstiltaka.

Rekneskapsversikt for FTU-midlane 2016:

Prosjektpost	Budsjett	Rekneskap
Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement	800 000	821 000
Tilskot til kommunale trafikksikringsplanar	500 000	500 000
Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak	2 037 000	1 792 000
Kurs og konferansar for kommunane	70 000	38 000
Trafikksikringsprisen	25 000	25 000
Trafikksikre kommunar	300 000	225 000
Opplæring i trafikktryggleik i vgs	200 000	200 000
Driftstilskot til Trafikksikkerhetshallen	100 000	100 000
Refleksprodukt, innkjøp	200 000	49 000
Sykkelprosjekt, barn og unge	62 500	62 500
Kampanjearbeid (haldningsskapande ts-arbeid)	230 000	239 000
Aktivitetsmidlar, Trygg Trafikk Hordaland	570 000	570 000
Diverse	105 500	135 000
<b>Totalt</b>	<b>5 200 000</b>	<b>4 758 000</b>

Oversikt over dei ulike tilskotsordningane, 2016:

	Lokale trafikksikringsarrangement, 2016	Tilskot
1	<i>Einar Emil Myklestad</i>	(ikkje utbetalt) 20 000
2	Ettertankens dag Hordaland Trafikksikringsdag	30 000
3	FAU Alversund skule	5 000
4	FAU Kleppe skole	5 000
5	<i>FAU Træet skule</i>	(reduert pga mindre arr.) 3 900
6	<i>Hålandsdalen Idrettslag</i>	(ikkje utbetalt) 10 000
7	Kvinnherad vgs	25 000
8	Nysæter ungdomsskule	25 000
9	SLF Bergen og Omegn	25 000
10	Stiftelsen Norsk Luftambulansse	90 000
11	Stord vgs	25 000
12	Trafikkfagleg samarbeidsutval (TSU)	75 000
13	Bømlo kommune	30 000
14	Ettertankens dag – Minnemarkering for 2016	100 000
15	FAU Knarvik ungdomsskule	19 250

16	FAU Rubbestadneset skule	20 000
17	Fitjar Festivalforening	10 000
18	Kløyheim bygdelag	15 000
19	Knarvikmila, Ungdomsløpet	40 000
20	Os kommune	55 000
	<b>Totalt utbetalt</b>	<b>598 000</b>
	<b>Kommunale trafikksikringsplanar, 2016</b>	<b>Tilskot</b>
1	Fjell kommune	30 000
2	Jondal kommune	120 000
3	Kvinnherad kommune	175 000
4	Odda kommune	175 000
	<b>Totalt utbetalt</b>	<b>500 000</b>
	<b>Mindre fysiske trafikksikringstiltak, 2016</b>	<b>Tilskot</b>
1	Askøy kommune	175 000
2	Bømlo kommune	154 000
3	Etne kommune	175 000
4	Fitjar kommune	175 000
5	Fusa kommune	175 000
6	Kvinnherad kommune	14 000
7	Lindås kommune	154 000
8	Masfjorden kommune	175 000
9	Os kommune	70 000
10	Radøy kommune	175 000
11	Sveio kommune	42 000
12	Ullensvang herad	175 000
13	Vaksdal kommune	133 000
	<b>Utbetalt per januar 2017</b>	<b>1 792 000</b>
14	<i>Austevoll kommune – ikkje ferdigstilt – utbetalt i 2017</i>	70 000
15	<i>Osterøy kommune – ikkje ferdigstilt – utbetalt i 2017</i>	175 000
	<b>Totalt</b>	<b>2 037 000</b>